



Høyanger kommune

Plan- og byggesak

Statens vegvesen Region Vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER



Saksnr. 11/695	Dok-ID 13/8143	Arkivkode 2011/007	Sakshandsamar JON	Dato: 27.09.2013
-------------------	-------------------	-----------------------	----------------------	---------------------

Omklassifisering Lavik sentrum

Det vert vist til tidlegare brevbyte og møter vedkommande omklassifisering i Lavik sentrum som følgje av bygging av ny tilkomst til Lavik ferjekai.

Høyanger kommune har tidlegare munnleg gjev melding om vårt syn på framlegget til omklassifisering framsett av Statens vegvesen i skriv av 23.07.2013.

Vi stadfestar med dette vårt syn i brevs form.

Høyanger kommune er samd i framlegget for strekning 1 og 3, men for strekning 2 meiner kommunen dette bør vere statleg gang- og sykkelveg eller arm av fylkesveg 607.

Grunngeving:

- Det ligg ikkje att funksjonar på kaiområde etter utbygging som tilseier at det skal vere eit kommunalt ansvar å drifte noko kommunal gang- og sykkelveg.
- Vegarmen skal også etter ombygging også fungere som beredskapsveg ved hendingar på kaiområde eller i tilknytning til båt trafikken som krev utrykking (brann, ambulanse og Politi)
- Vegarmen vil også kunne fungere som krisetilkomst ved hendingar ved hovudtilkomsten til ferjekaia.

Vi vil be om at det vert teke omsyn til Høyanger kommune sine innspel i saka om omklassifisering.

Med helsing

Jostein Nyland
Leiar plan og byggesak

Kopi: Ordfører, rådmann og ass. rådmann